



Møteprotokoll

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Møtedato: 04.09.2020
Møtestad: Kommunehuset
Møtetid: 08:30 - 09:30

Frammøtte medlemmer	Rolle
Anny Helene Sætre Bertelsen	Medlem
Mette Ekornrød	Medlem
Odd Sigvald Øksnes	Medlem

Forfall meldt frå medlem:	Rolle
Ann Kristin Leirvåg	Medlem
Helge Dyrkolbotn	Medlem

Følgjande frå administrasjonen møtte:
Ketil Tjore

23. september 2020

Odd Sigvald Øksnes
møteleiar

Ketil Tjore
møtesekretær

Sakliste

Saknr	Tittel
005/20	Godkjenning av innkalling og sakliste
006/20	Godkjenning av møteprotokoll
007/20	Meldingar
008/20	Delegerte saker
009/20	Orienteringssak

005/20: Godkjenning av innkalling og saksliste

Rådmannen sitt framlegg:

Innkalling og sakliste vert godkjent

04.09.2020 RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE

Ivar Bergsvik var utegløymt å kalla inn, som representant frå Eldrerådet.
Det er Bergsvik som er representant i RMNF frå Eldrerådet, med Gro Johannessen som vara.

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

RMNF - 005/20 VEDTAK:

Innkalling og sakliste vart godkjent.

006/20: Godkjenning av møteprotokoll

Rådmannen sitt framlegg:

Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent

04.09.2020 RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE

Rådmannen sitt framlegg vert samrøystes vedteke

RMNF - 006/20 VEDTAK:

Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent

007/20: Meldingar

Rådmannen sitt framlegg:

Meldingane vert tekne til orientering

04.09.2020 RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE

Ingen meldingar til dette møtet.

RMNF - 007/20 VEDTAK:

Ingen meldingar til dette møtet.

008/20: Delegerte saker

Rådmannen sitt framlegg:

Delegerte saker vert tekne til orientering

04.09.2020 RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE

Ingen delegerte saker til dette møtet.

RMNF - 008/20 VEDTAK:

Ingen delegerte saker til dette møtet.

009/20: Orienteringssak

Rådmannen sitt framlegg:

04.09.2020 RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE

Det vart etterlyst status for den kommunale planen for habilitering og rehabilitering, som var under arbeid som del av eit prosjekt. Leiar Odd Øksnes og sekretær Ketil Tjore skal etterlysa denne. Møtesekretæren sa at det er purra på huset om at ein skal huska å melda opp saker til Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne (og Eldrerådet). Dette har ikkje vore så god rutine dei siste åra.

Odd Sigvald Øksnes ba om at saker vart sendt ut på papir. Møtesekretæren svara at det skal ordnast. Rådet diskuterte reglane som er oppslegne for dei som bur i leilegheitene i Vestlia (i samband med Korona), og det var teke opp at reglane kan verka noko bombastiske. Innhaldet er igrunn OK, men det burde vore formulert på ein annan måte, slik at det framgår at ting er OK så lenge ein gjev beskjed. Rådet etterlyste framdrift for nye fortau i kommunen, og også ny oppmerking av eksisterande gangfelt, og planar for gjennomgåande gangareal. Leiar Odd Øksnes ba om at ein tek einrunde og ser på denne problematikken med framkomst og tilgang. Problemstillinga er aktuell frå samfunnshuset og mot Mastrevik Torg, og ein ønskjer sjekka overgangar og fortau/gangveg.

Flyttar neste møte til fredag 2. oktober klokka 08.30. Synfaring først med tanke på punkta over, og inviterer med seg ordførar og gjerne Rolf Henning Myrmel og Arild Tresvik frå teknisk.

RMNF - 009/20 VEDTAK:

Orienteringane vert teke til vitande.
